

Nyheitsbrev for helsefellesskap september 2023

Nyheitsbrev for helsefellesskap er laga for at helsefellesskapa skal kunne dele nyheiter og prosjekt med kvarandre, samt datoar og informasjon om aktuelle møte og konferansar. Nyheitsbrevet kan òg innehalde informasjon og nyheiter frå Direktoratet for e-helse, KS, RHF-ane og Helsedirektoratet. **Vi planlegg å sende neste nyheitsbrev i desember, og fristen for innspel er 01.12.23.** Innspel eller andre førespurnader kan de sende til kathrine.syse@helsedir.no.
September er nynorsk månad i Helsedirektoratet. Tekstane er difor på nynorsk.

Helsefellesskap Oslo arrangerer sin fyrste Helsekonferanse 6. september kl. 10.15 - 16.00. Helsefellesskapet Oslo er eit samarbeid mellom sjukehusa og kommunen med etatar og bydelar. Tema for helsekonferansen er «Sammen for Oslos innbyggere». Dagen sett søkelys på fire av dei prioriterte områda i Helsefellesskapet Oslo: *Rekruttering og kompetanse, Digital samhandling, Skrøpelege eldre og Psykisk helse - barn og unge*

Konferansen blir strøymd direkte, men opptaket blir ikkje tilgjengeleg i etterkant. Lenke for meir informasjon og streaming: [Streaming av Helsekonferansen «Sammen for Oslos innbyggere» - Kompetansebroen](#)

Pårørandekonferansen 20. september

Pårørandekonferansen er digital, og sendes 20. september. Påmelding heilt fram til dagen før. *Pårørande – på liv og død*, er tema for årets pårørandekonferanse der kyndige fagpersonar og personlege historier tar oss inn i ein høgst aktuell tematikk. Les meir på Pårørendekonferansen.no

Pasientforløp Intoks: Vidare utrulling i Sykehuset Innlandet

Pasientforløp Intoks vart pilotert ved sjukehuset i Lillehammer hausten 2022. Dette inkluderte tilhøyrande distriktspsykiatrisk senter (DPS), barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) og kommunar. Arbeidet er no under implementering i resten av Sykehuset Innlandet, og pilotperioden har lagt grunnlag for at prioriterte tiltak kan tilpassas dei andre sjukehusa med tilhøyrande tenester i spesialisthelsetenesta. Les meir om saka her: [Pasientforløp Intoks: Vidare utrulling](#)

Helsefellesskapet Lofoten, Vesterålen, Salten og Helsefellesskapet Helgeland sitt Dialog- og partnerskapsmøte 22. og 23. november

Helsefellesskapet Lofoten, Vesterålen, Salten og Helsefellesskapet Helgeland held sitt dialog- og partnerskapsmøte i samarbeid med KS sin haustkonferanse i Bodø 22. og 23. november. Nye kommunestyre er då konstituerte og direktørar med sine styreleiarar får moglegheit til å bli kjent i det øvste nivået i helsefellesskapa. Ein skal jobbe med innsatsområda i helsefellesskapa, og strategisk samarbeidsutval (SSU) skal vise sine rapportar for arbeidet. Det blir lagt vekt på at allereie etablerte interkommunale samarbeid blir nytta når nye praksisar skal implementerast. Helsefellesskapa i Nordland vil understreke nytta av samarbeidet med KS Nordland. Kontaktperson: Knut.Roar.Johnsen@helgelandssykehuset.no, Eline.monsen@helsefellesskap-helgeland.no, knut.erik.dahlmo@helsefellesskapet-nord.no, Trude.Kristin.Kristensen@nordlandssykehuset.no

Kartleggingsheftet - verktøy i pakkeforløp heim for pasientar med kreft

Pakkeforløp heim for pasientar med kreft famnar pasienten og deira pårørande og målet er ei velorganisert og samanhengande oppfølging ut over sjølvbehandlinga. Helsefellesskapet Lofoten, Vesterålen, Salten er i mål med verktøyet *Kartleggingsheftet*. Implementering og erfaringar blir no følgt opp tett i både kommunane og i Nordlandssjukehuset, og i august blei verktøyet presentert på erfaringskonferanse i regi av Helsedirektoratet.

[Kartleggingsheftet](#), utvikla for Helsefellesskapet Lofoten, Vesterålen, Salten, kan auke pasienten sin moglegheit til å handtere utfordringar ved alvorleg sjukdom. Heftet kan følgje pasienten gjennom heile pakkeforløpet. Meir om verktøyet her: [Kartleggingsheftet](#). Informasjon om pakkeforløp heim for pasientar med kreft: [Pakkeforløp heim for pasientar med kreft - Nordlandssykehuset](#)

Kontaktpersonar: Espen.Solberg@nordlandssykehuset.no, anne.mette.carlsen@bodo.kommune.no og Sylvi.Froan@sortland.kommune.no

Digitalisering av samhandlingsavvik Agder

Digitalisering av samhandlingsavvik er eit prosjekt som ønsker å etablere samanhengande og velfungerande sløyfer for avvik (teknisk) på tvers av kommune, fastlege, sjukehus og avtalespesialistar. Prosjektet jobbar mot at helsepersonell i framtidige forløp for samhandlingsavvik vil ha tilgang til enkle og brukarvennlige løysingar som reduserer behovet for manuelt arbeid, der system for avvik er kopla saman med elektronisk pasientjournal, og der aktørane kan samhandle digitalt med handtering av samhandlingsavvik.

Prosjektet er inndelt i fire arbeidspakker: Gevinstrealisering og forankring, Verktøy og teknologi, Kultur og samarbeid og Opplæring.

Les meir her: <https://www.ehelseagder.no/prosjekter/prosjektside/?prosjektID=16>

Deltaking i arbeidslivet – eit viktig tema under behandling i helsetenesta

Mange av dei som mottek helserelaterte trygdeytningar i Noreg har psykiske lidningar eller muskel- og skjelettplager. Gjennom mange år har det vore ei satsing for å oppnå betre samhandling mellom helsetenestene og NAV. Eksempel på dette er satsingane på individuell jobbstøtte (IPS) der pasientar med alvorlege psykiske lidningar får bistand frå jobbspesialistar til å komme i arbeid og utdanning etter eige ynskje. No skal ein skilje mellom IPS-jobbspesialistar tilsett i NAV og arbeid-/utdanningsspesialistar tilsett i helse- og omsorgstenesta.

Les meir om dette på [NAPHA](#) og [RKAPH](#).

Indikator for skrøpelege eldre i Samhandlingsbarometeret

Samhandlingsbarometeret har publisert fyrste variabelen for pasientgruppa *skrøpelege eldre*.

Definisjonen til Helsedirektoratet er brukt, og visninga er bestemt i lag med Helsedirektoratet. Data kjem frå Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR) for 2021 og 2022.

Graden av skrøpelegheit er definert ut frå kartlegging av funksjonsnivået på ti ulike område i dagleglivet. Kartlegginga skjer i kommunane to gonger årleg ved hjelp av IPLOS (*individbasert pleie- og omsorgsstatistikk*)-skjema av alle som får tildelt kommunale tenester heime eller på sjukeheim.

IPLOS inneheld 20 måleområder for ressursar og hjelpebehov, inndelt i fire grupper frå *Noko redusert funksjon* (1) til *Svært dårleg funksjon* (4). I Samhandlingsbarometeret er gruppe 1 og 2 slått saman til «Noko skrøpelege» og gruppe 3 og 4 til «Skrøpelege». Desse er presentert pr. 1000 av befolkninga ≥ 75 år og talet på personar det gjeld.

Fleire variablar for denne pasientgruppa kjem seinare, t.d. kor mykje kommunale helsetenester gruppa står for, og kor mykje spesialisthelsetenester dei mottek, samt utviklinga av dette over tid.

Sjå: [Samhandlingsbarometeret](#), kontakt: Emma Bjørnsen, emma.helene.bjornsen@helse-forde.no

Ny tenestemodell for førebyggande helse i eit partnerskap mellom kommune, frivilligheita og næringslivet

Sintef har utført eit innsiktsarbeid om korleis Lom kommune kan etablere ei ny tenestemodell i eit samarbeid mellom kommunen, frivilligheita og næringslivet.

Meir informasjon om innsiktsarbeidet finns her: [Ny tenestemodell for førebyggande helse i et partnerskap mellom kommune, frivilligheita og næringsliv](#)

Nyheitsbrev for Helsefellesskapet Ahus og kommunane

Helsefellesskap Ahus og kommunar har etablert sitt eige nyheitsbrev. Nyheitsbrevet skal vere ein kanal for informasjon og nyheter, og ei moglegheit for partnarar i helsefellesskapet til å dele aktuelle saker og arbeid med andre i helsefellesskapet. Nyheitsbrevet er planlagt utgjeve tre gonger i året.

Les meir: [Nyheitsbrev for Helsefellesskapet Ahus og kommunane](#)

Innspel eller andre førespurnader kan de sende til:

Trude.Helen.Westerberg@ullensaker.kommune.no eller Bjorn.Hjalmar.Nielsen@ahus.no

Samhandlingsprosjekt – Ressursnettverk saman om barn/sysken som pårørende - Ahus-bydelar/kommunar er nyleg omsette til 14 språk

Når mor/far eller mindreårige barn får psykisk helsehjelp kan mindreårige barn/sysken trenge informasjon og oppfølging i kommunen. Gjennom samhandlingsprosjekt 2022-2023 blei det utvikla eit dokument for helsepersonell som snakkar med føresette om viktigheita av at barn/sysken som pårørende blir sett og følgt opp litt ekstra. Dokumentet kan hjelpe mor/far til å snakke med eigne barn, og bidra til samtykke til å informere skulen/barnehagen. Dokumentet er no omsett til 14 språk. For meir informasjon og for å lese dokumentet: [Barn som pårørende - ressursnettverk](#).

Interkommunalt samarbeid om rehabilitering i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland

I Helsefellesskapet i Sør-Rogaland har 12 kommunar gått saman om et interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART). Teamet består av fysioterapeutspecialist, ergoterapeut, psykologspesialist og legespesialist. Legen er tilsett ved Stavanger Universitetssjukehus (SUS), og har ein rådgivande funksjon. Fagpersonane i IKART jobbar saman med kommunale fagpersonar som ynskjer klinisk bistand eller rettleiing i behandling for tenestemottakarane mellom 18-70 år med omfattande rehabiliteringsbehov med nytt funksjonsfall. IKART er bindeledd mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Forslag om å prøve ut digital heimeoppfølging i pasientforløp for IKART skal tas opp i helsefellesskapet i oktober.

For meir informasjon: [Interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam - IKART | Helsehuset](#)

Nytt frå KS

Kommunesektoren mot 2050

KS har lansert *Kommunesektoren mot 2050* – fem framtidshistorier som gjev gode moglegheiter til å utforske kva framtida kan by på. *Kommunesektoren mot 2050* gjev òg høve til å diskutere og analysere kva for moglegheiter kommunesektoren har til å møte framtida på ein god måte.

Historiene er ikkje framskrivingar, prognoser eller analyser. Vidare er ikkje historiene uttømmende, gjensidig utelukkande eller sikker vitskap om korleis framtida blir. Scenariometodikk er ei ramme for å tenke kreativt, og utforske alternative handlingsmoglegheiter.

Det er også utvikla eit diskusjonsverktøy, «En reise til 2050». Dette er eit pedagogisk verktøy for dei som ynskjer å sjå lokal samfunnsutvikling i eit langsiktig perspektiv, oppdage blindsoner, og snakke

om korleis ulike utfordringar, særleg dei som er ukjende eller ikkje høgt på dagsordenen i dag, kan påverke framtida.

Les meir her: [Scenarier - verktøy for å planlegge for det ukjente - KS](#), kontakt: Une.Tangen@ks.no

Nytt frå Helsedirektoratet

Helsedirektoratet ynskjer tips til tenestemodellar

Helsedirektoratet har fått i oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet å vise eksempel på korleis kommunar og helseføretak kan avtale oppgåve- og ansvarsfordeling og andre praktiske forhold i samband med integrerte tenestemodellar, på Helsedirektoratet si temaside for helsefelleskap. Det er eit ynskje at desse tenestemodellane viser til god praksis og samhandling, bidrar til å styrke heilskapelege og koordinerte pasientforløp samstundes som dei inspirerer til å utvikle liknande praksissamarbeid. Les meir om tenestemodellar her: [Tenestemodellar - Helsedirektoratet](#)

Helsedirektoratet ynskjer fleire eksempel å vise til, og inviterer dykk til å sende inn eksempel på moglege aktuelle tenestemodellar. Ta kontakt med Wenche.Charlotte.Hansen@helsedir.no

Rettleiar for samarbeidsavtalar

Revidert rettleiar for samarbeidsavtalar mellom kommunar og helseføretak blei publisert i juli 2023. Helsedirektoratet vil takke for alle gode og viktige bidrag og innspel gjennom både arbeidsprosess og høyring. Målet er at rettleiaren skal lette arbeidet med revisjon og oppfølging av samarbeidsavtalane lokalt, slik at tenestene blir opplevd som fagleg gode, samordna, trygge og føreseielege, prega av kontinuitet og kostnadseffektivitet. I rettleiaren er det kome med to nye punkt etter endringar i helse- og omsorgstenestelova: Pkt. 12 "Planlegging av tenestene" og Pkt. 13 "Barn og unge som mottar tenester frå begge forvaltningsnivåa".

Sjå rettleiar her: [Samarbeidsavtaler mellom kommunar og helseføretak - Helsedirektoratet](#)

Kontaktpersonar: Rolf.J.Windspoll@helsedir.no og Wenche.Charlotte.Hansen@helsedir.no

Fire kommande rapportar med styringsinformasjon til helsefelleskap

Helsedirektoratet tek gjerne imot spørsmål og innspel til desse analysane.

Kontaktperson: Lars Rønningen, lars.ronningen@helsedir.no

Rapportane blir publisert frå oktober på [Styringsinformasjon - Helsedirektoratet](#)

1 - Bruk av tenester for utskrivingsklare pasientar

Rapporten vil greie ut om utvikling og variasjon i døgnbehandling for utskrivingsklare pasientar i perioden 2018-2022. I dette inngår skildring av pasientpopulasjonen, og om det er geografiske variasjonar i årsak til innlegging, talet på opphald, talet på overliggjardøgn, total opphaldstid og reinnleggingar. Vidare vil rapporten sjå på dei pasientane som ikkje fekk vedtakspliktige tenester før sjukehusopphaldet (nye brukarar av vedtakspliktige kommunale tenester). Rapporten ynskjer å undersøke om desse skil seg frå andre utskrivingsklare pasientar med tanke på mellom anna kor lenge dei oppheld seg i sjukehus, talet på overliggjardøgn og årsak til innlegging, i tillegg til å sjå på kva tenester dei blir skrivne ut til.

2 - Bruk av tenester i sjukehus og kommunar for pasientar med alvorlege psykiske lidningar

I løpet av hausten kjem Helsedirektoratet med ein ny rapport om pasientar med alvorlege psykiske lidningar. Rapporten vil omhandle forløp etter utskriving frå døgnbehandling i psykisk helsevern og kva tenester pasientane får i ulike fasar (inntil eitt år etter utskriving) og korleis bruken av ulike tenester heng saman. Dette inkluderer polikliniske kontakter og innleggingar i psykisk helsevern, kontakt med fastlege og legevakt, kommunale helse- og omsorgstenester og oppsøkkande behandling (ACT-/FACT-

team). Rapporten vil òg sjå nærare på pasientar med samtidig rusproblematikk og pasientar underlagde tvunge psykisk helsevern.

3 - Bruk av tenester etter utskriving frå døgnopphald for barn og unge i psykisk helsevern
Helsedirektoratet (SAMDATA) gjennomfører analysar av forløp for barn og unge som får tenester i psykisk helsevern. I fyste delrapport blir kontakten til pasientane med helsetenester etter utskriving frå døgnopphald i psykisk helsevern kartlagd, både poliklinisk kontakt og/eller ny innlegging i psykisk helsevern. I analysen blir òg pasientar sin kontakt med legevakt, fastlege, avtalespesialistar, integrerte tenester (FACT-ung-team) og kommunale helse- og omsorgstenester i same tidsrom kartlagd. Analysane vil gjere greie for resultat for ulike pasientgrupper (kjønn, alder, utskrivingsdiagnose), og kartleggja geografiske variasjonar (region, helsefelleskap).

4 - Bruk av tenester i sjukehus og kommunar for habiliteringspasientar 0-17 år
Datagrunnlaget for denne rapporten omfattar barn og unge i alderen 0-17 år som har fått habilitering i spesialisthelsetenesta i løpet av perioden 2018-2022. Rapporten viser bruk av tenester innan habilitering, somatikk og psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta, og bruk av kommunale helse- og omsorgstenester, som avlastning, omsorgsstønad, brukarstyrt personleg assistanse, støttekontakt, praktisk bistand og helsetenester i heimen. Bruk av fastlege, legevakt, fysioterapeut og logoped vil òg inngå i rapporten. Rapporten samanliknar helsefelleskap i bruk av kommunale omsorgstenester generelt og utvalde enkelttenester. Rapporten vil òg vise resultat for pasientgruppene i utvalet med diagnosane autismespekterforstyrning, utviklingshemming og cerebral parese.

Viktige datoar

- **06. september** - [Streaming av Helsekonferansen «Sammen for Oslos innbyggere» - Kompetansebroen](#)
- **20. september** - *Pårørende – på liv og død*, [Pårørendekonferansen.no](#)
- **21. – 22. september** - [Folkehelsekonferansen 2023, Tromsø – Alle løfter alle – et raust og robust samfunn!](#)
- **23. – 24. oktober** – Den 8. norske kongress i aldersforskning - [Aldring i en ny tid](#)
- **25.–26. oktober** - [Helse- og kvalitetsregisterkonferansen 2023](#)
- **21. – 22. november** - [Nasjonal konferanse: Læring og mestring 2023](#) – fag og erfaring for auka helsekompetanse og livskvalitet.
- **22. -23. november** - Dialog- og partnerskapsmøte i samarbeid med KS sin høstkonferanse i Bodø
- **23. – 24. november** - [Pasientsikkerhetskoneransen 2023](#)
- **02. og 03. november 2023:** [Helsetjenesteforskningskonferansen 2023](#)
- **07. – 08. november 2023:** [Nasjonal helseberedskapskonferanse 2023](#) (Tromsø. Påmelding og program kjem snart)

Nettsider

Tilskot

- [Etablering og utvikling av kommunale frisklvs-, lærings- og mestringstilbud](#)
- [Sekretariatsfunksjon for kommunene i helsefelleskap](#)

Anna

- [Helsefelleskap - Helsedirektoratet](#) – På temasida for helsefelleskap kjem det fleire eksemplar på tenestemodellar/team dei neste vekene
- [Styringsinformasjon til helsefelleskapene](#)
- [Frisklivssentraler](#)